

Per spelman

Tekst: Norsk folkevise, Melodi: Norsk folkemelodi

1.

Per spelemann hadde ei einaste ku,
Per spelemann hadde ei einaste ku.
Han bytte bort kua, fekk fela igjen,
han bytte bort kua, fekk fela igjen.
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

2.

//: Per spelemann, han spela, og fela ho lét, ://
//: så gutane dansa, og jentene grét. ://
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

3.

//: Og om eg vert gammal som stein under bru, ://
//: så aldri eg byter bort fela for ku. ://
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

4.

//: Og om eg vert gammal som mose på tre, ://
//: så aldri eg byter bort fela for fé. ://
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

<http://www.erlingmusic.dk/>